ALVER KOMMUNE

Kravspesifikasjon utskifting yttertak
Stekkevikvegen 6-8-10

INNHALD:

1.Innledning
1.1 Framdrift gjennomføring.

2. Omtale av arbeidet
2.1 Rigg og drift.
2.2 Kvalitetssikring.
2.3 Kontroll av utført arbeid.
2.4 Omtale av arbeidet.
2.5 Utskifting av yttertak.
2.6 Komponentar som skal vera inkludert ferdig montert.
2.7 Avfallsplan.

1) Innleiing.

Alver kommune skal gjennomføre rehabilitering av yttertak i Stekkevikvegen 6-8 og 10. Det er ein 5-mannsbustad, ein 3-mannsbustad og ein 2-mannsbustad liggande på Rossland i Alver kommune.

Arbeidet består av:
Utskifting av saltak ned til undertak m/nye tak hetter.
Arbeidet skal starte opp så snart som mogleg og ferdigstillast etter avtale.
Leverandør skal i samråd med byggherre avtale oppstart og ferdigstilling, fristar for dette blir tatt inn i kontrakten.

2. KONTRAKTSFORHOLD

2.1 Rigg og drift

Kontraktarbeidet skal gjennomførast etter NS 8406 med dei presiseringar og tillegg som går fram av dette konkurransegrunnlaget.

Det vil være tilgang til straum, vann og riggareal på byggeplassen. Det vil være mogleg å etablere stillas rundt hele bygget. Parkeringa mot Rosslandsvegen kan disponerast som riggareal og parkering for arbeidarane.
Bebuarane har ikkje nokon reserverte plasser, men må ha god tilkomst til leilegheitene og evt. parkering av rullestol. Entreprenør skal planlegge arbeidet slik att bebuarar har trygg tilkomst til bustadane gjennom heile byggeperioden.

Tilbydar må ta med alle kostnadar til rigg og drift, stillas og nødvendig sperrematerieil i sine tilbod. Leverandøren som blir valt skal sjølv handtera rivingsavfall og avfall frå byggeplassen på forskrifts messig måte, og levera til godkjent deponi.
Detaljer om riggplass avtales med valt leverandør.



2.2 Kvalitetssikring

For å sikra at byggherren får et produkt i tråd med kontrakt, skal entreprenør kvalitetssikre sine arbeid i heile byggefasen. Entreprenør skal informera kven som skal være anleggsledar. Byggherre vil informera kven som er entreprenør sitt kontaktpunkt dersom det oppstår forhold som krevjar avgjersler frå byggherre.

Byggherren sin representant har rett til å utøve kontroll når som helst i alle fasar av byggeprosessen, utan at dette fråtar entreprenør ansvar for utførselen.

2.3 Kontroll av utført arbeid

Det blir vist til avsnitt "kvalitetssikring". Arbeidet skal utførast i samsvar med TEK17, SINTEF byggforsk-detaljar, produsentens monteringsanvisningar og gjeldande HMS forskrifter.
I tillegg vil det bli gjennomført ferdigbefaring, samt
utarbeidt protokoll frå denne. Her vil Eigedom og Bygg Anlegg delta.
Før overtaking skal entreprenør levere FDV dokumentasjon, produktdatablad, vedlikehaldsinstruks, samt bilete dokumentasjon på eventuelle skjulte arbeider.

2.4 Omtale av arbeidet

Arbeidets omfang består av utskifting av yttertak i henhald til denne kravspesifikasjonen.
Eigar har tilgang på målsatte teikningar av bygningane.
Taka som skal skiftast har et fotavtrykk inkludert takutstikk på ca. 1170m2
Taket er eit saltak med 27 grader vinkel, og er et tretak med kaldt loft.
Tak på bodar har ein takvinkel på 22 gradar.
Tilbyder må sjølv foreta nødvendig kontrollmåling.

Oppbygging av eksisterande tak er sutaksplater, sløyfer og lekter.
Alle mål i tilbodet er oppgitt i ca. mål og tilbyder er sjølv ansvarleg for å kontrollmåla alle mål, mengder og antall før bestilling. Tilbyder står ansvarleg for levering av alt nødvendig materiell som trengs for å utføre jobben fagmessig.

2.5 Utskifting av yttertak Takflate:

Stekkevikvegen 6 A-E ca.630m2
Stekkevikvegen 8 A-B ca.210m2
Stekkevikvegen 10 A-C ca.330m2

- Riving av eksisterande tak, ned til undertak.
- Levering av avfall til godkjent mottak.
- Kostnad til nødvendig prøvetaking av gammal takstein.
- Diffusjonsopen duk.
- Sløyfer 30x48 mm impregnert. Det skal monteres sløyfebånd på samtlige sløyfer.

- Lekter 36x48 mm impregnert.
- Nye forkantbord. Males i 2 strøk.
- Nye Vindskibord. Tilpasses ny takflate som nå får gavlstein. Males i 2 strøk.
- Nye kistebord. Males i 2 strøk.
- Fugleband med god tetting i endene.
- Behandla betong takstein, raud, med gavlstein/mønestein. Takstein skal ha eigenskapar som reduserer tilgroing av steinens overflate.
- Nedløp aluminium lys grå. Komplett med fester og skøytestykker.
- Takrenne aluminium lys grå. Komplett med fester og skøytestykker.
- Takfotbeslag.
- Mønetetting med sink.
- Snøfangarar (raud) skal monterast i samsvar med gjeldande krav og leverandøren sine monteringsanvisningar.
- Stige opp til piper.
- Tak hetter/takhatt til soil.
- Stillas på hele fasaden. Stillas skal tilfredsstilla krav i Arbeidstilsynet sine forskrifter og være godkjent for aktuelt arbeid.



Lekter skal ikkje ha større sprekker eller kvister som svekker bereevna.
Dimensjon på lekter må kontrollerast og samsvara med vekt for takstein.

I tillegg til skifte av yttertak, skal entreprenør gi en kvadratmeterpris på demontering og montering av nye sutaksplater (undertak), dersom det blir avdekk skadar som gjer dette nødvendig. Dette arbeidet blir avtalt gjennom endringsmelding når omfanget er avklart.

Eventuelle behov for utbetringar på bærande konstruksjonar blir avtalt som endringsmelding dersom slike blir avdekka.

2.6 Komponentar som skal være inkludert ferdig montert

Alle tak-komponentar skal være inkludert i tilbodet ferdig montert. Dette gjelder;

- Nye tak hetter inkl. beslag og tettemateriale.
  (10 stk. takhetter)
- Kle inn piper. Evt. tetting rundt eksisterande belag.
- Alt som er ein del av takkonstruksjonen skal være medtatt i tilbodet. Dette gjelder;
- Rennebeslag.
- Nye møne bord inkludert tetteband.
- Nye takrenner, sløyser/vinkelrenner og taknedløp inkl. nødvendige komponentar som høyrer naturleg til.
- Nye fugleband.
- Det skal leverast snøfangar på alle flater unntatt gavlvegger. Byggherre har målt dette til 36 + 52 + 68 løpemeter. Tilbyder må sjølv kontrollmåla nøyaktig lengde.

Entreprenør må sjølv kontrollmåla alle mål og står ansvarleg for levering av alt nødvendig materiell som trengs for å utføra jobben fagmessig.
Entreprenør er ansvarleg for at taket er tett under arbeidet.
Det er anbefalt att tilbydar gjennomfører synfaring før innlevering av tilbod.

2.7 Avfallsplan

Entreprenør skal utarbeide avfallsplan, stå for nødvendig prøvetaking og levera sluttrapport.